



SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Trekking av motsegn - Detaljregulering Aursnes industriområde

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til oversending av oppdatert støyrapport og forslag til endra føresegn for støy for detaljregulering Aursnes industriområde.

Vi ber om årsak for sein tilbakemelding i saka, som skyldast redusert kapasitet hos oss.

I vår høyringsuttale datert 13.juni 2024 fremma vi motsegn til planforslag for detaljreguleringsplan for Aursnes industriområde fordi støy ikkje var tilstrekkeleg avklart.

Vi sakna kart som viser berekna støysone for båt ved tømmerkai og tømmerseg for kveld, natt, lørdager og helligdagar. Vi bad om at støyrapporten vart oppdatert med hyppigheit av aktivitet frå båtar på kveld og natt. Vi skreiv at om det er svært sjeldan kan aktiviteten avgrensast i føresegnene ved at det blir sett realistisk maksimalt tal på dagar i året det er lov med slik aktivitet på kveld og natt. Vi bad også om at støyrapporten spesifiserer kva som er meint med at saging *hovudsakeleg* skjer på dagtid, og at maksimalt tal på dagar der arbeid på kveld er tillate også må sikrast i føresegnene. I tillegg bad vi om at støyrapporten identifiserer støykjeldene for friluftsområdet Aursneset, og foreslår avbøtande tiltak.

Støyrapporten er i stor grad oppdatert med våre ønsker.

Rapporten viser at vanleg drift på næringsområdet ikkje vil føre til at bygningar med støyfølsamt bruksføremål får overskride anbefalte støynivå. Båtlasting/lossing på kveldstid må avgrensast for ikkje å overskride anbefalte grenseverdiar på kveld. Slik vi les kapittel 3.2 skjer båtlasting/lossing på kvardagar frå 7-23. Slik aktivitet på kveld, frå 19-23, skjer om lag berre fire gonger per år. Båt ved kai med drift på motor/aggregat kan gje overskriding av anbefalt støynivå på søndagar. Det er etter det vi kan sjå ikkje oppgitt kor mange søndagar i året dette er snakk om, utover at det skjer *sporadisk*.

Støykonsulent foreslår å ta inn følgende formulering i føresegnene:

Støy fra industriområdet til omgivelsene skal overholde grenseverdier for støykilde «Øvrig industri» uten impulslyd, jf. veiledende grenseverdier i tabell 2 i T-1442/2021.

Støykilde	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal	Støynivå utenfor soverom natt kl. 23-07	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal LØRDAGER	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal SØNDAGER
Øvrig industri	$L_{den} \leq 55 \text{ dB}$ $L_{evening} \leq 55 \text{ dB}$	$L_{night} \leq 45 \text{ dB}$ $L_{Amax} \leq 60 \text{ dB}^*$	$L_{den} \leq 50 \text{ dB}$	$L_{den} \leq 45 \text{ dB}$

**Grenseverdi for maksimalnivå, L_{Amax} gjelder for situasjoner hvor det er mer enn 10 hendelser som overskrider den aktuelle grenseverdien i løpet av nattperioden.*

Grenseverdiene gjelder all støy fra industriområdet inkludert lossing og lasting av råvarer/produkt fra båt og bil. Det tillates inntil 6 avviksdøgn pr. år fra støygrensene.

Vår vurdering

Foreslått føresegn avgrenser i teorien støyende aktivitet utover anbefalte grenseverdier til å kunne skje maksimalt 6 ganger.

Slik dei er formulert vil dei likevel vere lite avklarande for folk flest og vanskeleg å sette seg inn i. Det vil vere vanskeleg å følgje opp om ein aktivitet vil overskride anbefalte støygrenser, og kor mange gonger dette har skjedd i løpet av eit år.

Forslag til løysing

For å gjere føresegnene forutsigbare for berørte partar bør ein avgrense aktivitet på næringsområdet i tråd med driftstidene som kjem fram av kapittel 3.2, og som var grunnlag for berekning av støykarta. Om bedriftene skulle auke aktiviteten utover desse tidsrammene vil dette kunne endre støybiletet, og ein vil risikere at anbefalte støynivå for støyfølsamt bruksføremål likevel blir overskride.

Vi rår til at ein først viser kva tidsrammar som gjeld for dei ulike støyende aktivitetane. Vidare at ein opnar for unntak for lasting/lossing av båtar på kveld (til dømes seks gonger per år) og i kva situasjonar ein vil tillate båt med drift/hjelpemotor på søndagar.

Når det gjeld Aursnes statleg sikre friluftsområde har vi ikkje vesentlege innvendingar mot kommunens vurdering av bruk av $L_{den} 50 \text{ dB}$ som anbefalt støygrense.

Konklusjon

Vi **trekker motsegna** vi fremma til planforslaget til detaljregulering Aursnes industriområde med grunnlag i oppdatert støyrapport og forslag til føresegn.

For å gjere føresegnene meir forståelege for folk flest og lettare å følgje opp, rår vi til å legge inn tidsrammar for støyende aktivitet slik det går fram av våre merknader over.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.